



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd onsdag 14.05.25 kl.19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Sissel Sørebo, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.
Ingunn Østerbø på telefon.

Til opning delte Camilla tankar til nasjonalsongen.

Innkallinga vart godkjent; med nokre fleire saker under eventuelt.

Meldingssaker:

06/25 Terje informerte frå fellestrådsmøte 13. mars. Bl.a kyrkjejubileet og kostnadsreduksjon av Helgestunder.

07/25 Det kom inn 8.613,- på bøsser og 6.650,- på vipps til fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

08/25 Dugnad på kyrkjegardane : i Bjordal 11 personar og i Ortnevik 9 personar.

09/25 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Samtalegudsteneste i Bjordal 23.mars m/ konfirmantane frå Bjordal og Lavik - 26 personar.
- Påskesamling i Ortnevik 17. april – ca 80 personar. Ope bibliotek i grendahuset, og kafe og utlodding til Fjellhytta i Ortnevik der det kom inn ca 10.000 kr.
- Høgtidsgudsteneste i Bjordal 20. april - 23 personar. Song v/ Aud Marit Bjordal.
- Konfirmasjon i Bjordal 11. mai – 65 personar.
- Det har vore songstund og andakt på Bygdetunet.
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

10/25 Det har tidlegare vore vedtak om at ein på høgtidsdagane og ved spesielle høve har avskorne blomster på alteret.

I sommarhalvåret kan ein ta inn ville blomster eller frå hage. I Bjordal kyrkje er det fint med ein bukett på pianoet.

På alteret ser ein ikkje blomstene så godt då altertavla går ned til alteret. Dette er annleis i Ortnevik.

Der blir det helst litt bart utan blomster. Sissel tek ansvar for pynting i Bjordal kyrkje og Ann Iren i Ortnevik.

Er dei bortreist skaffar dei ein annan til å gjere oppgåva.

Sakliste

Sak 24/25 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 20. mars.

Vedtak: Møteprotokoll frå møte 20. mars vart godkjent.

Camilla har fått opplæring som ny kasserar.

Alterduken i Ortnevik kyrkje er levert til Bevaringstenestene; og skal bli klar til jubileet.

Glasplater til alterbord i kyrkjene blir betalt frå gåvekontoane til kyrkjene.

Sak 25/25 Gudstenester og arrangement framover.

Vedtak:

Kyrkjevert og kyrjekaffi :

17. mai kl.11 - Bjordal skule – Inger C. har laga powerpoint.

17. mai kl.13 - Ortnevik – Ann I. pyntar. Stig J. og Ann I. er kyrkjevert.

15. juni kl.12 - dagsturhytta på Søreide – Vi ser om det blir ver til å grille; Terje tek ansvar evt. skaffar vikar. Han undersøker lån av høgtalar. Ingunn bakar sjokoladeplatekake. Kjersti har vanndunk og pappkrus.

20. juli kl.11 - Bjordal

29. juli kl.18 - Olsokgudst. Sande – Camilla skaffar ein person til å bake. Ann I. tek elles med det som trengs.

Nye datoar for open kyrkje i Bjordal:

29. juni

13. juli

27. juli

Sissel lagar plakat i samarbeid med Geir.

Sak 26/25 Gudstenesteplan hausten 2025.

Vedtak: Soknerådet drøfta lista:

24. aug. kl. 16 - Bjordal - konfirmantpresentasjon

21. sept. kl. 12- Massnes - hausttakkefest

5. okt. kl. 12 - Ortnevik - kyrkjejubileum

26.okt. kl. 16 - Bjordal - minnegudsteneste

7. des. kl. 16 - Bjordal - lysmesse – utdeling av bøker til born.

14. des. kl. 17 - Ortnevik - julekonsert evt. 30. nov. - Camilla tek kontakt med Vadheim musikklag.

24. des. - gudsteneste i begge kyrkjene.

26. des. Ikjeffjord - andakt juletreffest ? Ingunn tek kontakt med leiar.

Sak 27/25 Konfirmantopplegg 2025/2026.

Dette konfirmantåret blir det truleg to konfirmantar frå Sørsida og ein konfirmant frå Lavik.

Vedtak: Desse får felles undervisning med Høyanger og Kyrkjebø. Dei fordeler samlingane på sør og nordsida av fjorden, og nyttar elevfridagar.

Sak 28/25 Stoff til neste Helgestunder.

Redaksjonsnemnda hadde møte denne veka. Frist for stoff er 4. juni.

Vedtak: Kjersti har bilde frå dugnad i Bjordal, og Sissel skriv litt om den. Bilder frå 17- mai er fint – Terje er fotograf i Bjordal.

Sak 29/25 100 – års jubileet til Ortnevik kyrkje.

Jubileumsnemnda arbeider med saka, og program for helga er framleis under utforming.

Ortnevik grendelag, Ortnevik sanitetslag og soknerådet samarbeider.

Vedtak: Laurdag 4. okt. kl. 14 - seminar og samtale der temaet er tilhøve mellom næring, kultur og kyrkje.

Søndag 5. okt. kl. 12 - festgudsteneste. Servering av fiskesuppe/ betasuppe, kaffi og kaker.

Omvisning i bygda (stavkyrkja, kveiteoppdrettet, Ortnevik Tre)

Søndag 5. okt. kl. 16.30 - jubileumskonsert med Sigrid Moldestad.

Sak 30/25 Møteplan vidare.

Vedtak: Neste møte blir torsdag 28. aug. kl. 19.00 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 31/25 Frå 4 til 3 utgåver i året av kyrkjelydsbladet Helgestunder.

Det er arbeidskrevjande og kostnader med utgjeving av Helgestunder, og fellesrådet har drøfta å gå ned til 3 nummer i året.

Vedtak: Soknerådet er einig med fellesrådet; 3 utgåver der ein opprettheld kvaliteten på form og farge. Sissel fortset i redaksjonskomiteen.

Sak 32/25 Klatrehortensia på muren ved Bjordal kyrkje.

Planten dekkjer no store delar av den fine muren som vart laga ved omlegging av gravplassen. Den har fine blomster gjennom sommaren, men det er eit problem at den veks over alle grenser og øydelegg gjerdet når den veks oppetter treverket.

Vedtak: Soknerådet drøfta saka. Terje undersøker kva som er mulig å gjere, evt. blir det ein ekstra dugnad til hausten.

Sak 33/25 Oppgåver for kyrkjevertane.

Soknerådet hadde ein gjennomgang av oppgåvene til kyrkjevertane som er laga.

Vedtak: Sissel oppdaterer oversikten.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor